



Aud Isaksen Haugland, ein av mange medlemmer i Uskedal helselag som er med og hjelper til på kafeen.

Uskedal helselag er eit av fire lag som vart tildelt midlar frå DAM stiftinga i fyrste runde. Dei tre andre er: Lier Demensforening, Haugaland demensforening og Ytterøy helselag. Søknaden frå Uskedalen har overskrifta: Korona kafe på Tiaren. Tildelinga med dei ulike prosjekta er omtalt i medlemsbladet Hjerte og Hjerne som går ut til 30 000 medlemmer i landet.

Eli Roseth Eik fortel til uskedalen.no at dei to fyrste gongene var det 20 gjester på kaféen, sist 22 stk. Nokre kjem kvar gong, nokre skifter. Tiaren kunne ikkje halda ope. Det var for lite kjøken når tre personar skulle arbeida der. No er det berre to som klargjer lokale og lagar til.

Det gjekk ut SMS til alle som var med og dreiv Tiaren. Fleire sa seg villige til å vera med på kaféen. Det er også kome med to nye. Helselaget tek gjerne imot fleire hjelpearar.

Helselaget var i kontakt med kommuneoverlegen før oppstart. Borda vert desinfisert før dagen startar og mellom gjester som går og kjem. Rett avstand, ein meter er målt opp. Dei som bur saman eller er i same kohort, kan sitja nærare. Det er handsprit ved inngangen og på bordet inne.

Mat vert kjøpt inn eller laga til på staden. Det er mindre utval enn det var på Tiaren. Serveringa er gratis slik at vi ikkje tek i pengar. Det kan ein få til sidan det er løyvd midlar frå DAM stiftinga. Gjestene får ikkje forsyne seg sjølve. All servering er samla i og bak disken. Kommuneoverlegen gir lov til å bruka vanlege kjørel når dei vert stima.

Styret i Uskedal helselag har merka seg nettmøte i Nasjonalforeningen i går. Aurora Eck Nilsen snakka om Kom i gang med aktivitet. Ho hadde innhenta løyve til å bruka bileta frå Uskedalen i framsyninga og lokallaget Uskedal helselag fekk god omtale.

Kafeen i Gamleskulen er open kvar tysdag frå kl. 11.00 til kl. 14.00.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Eli Roseth Eik



Skilt på borda fortel at ein må halda seg til avstanden på ein meter.

